

## ANGERSKLEIV

Høgdemeter over havet: Ca 580 m.

Lengde: Omlag 3,7 km frå Strindeskleiv.

Høgdemeter: 200

Tid: 45 min til ein liten time ein veg.

Gradering: Lett

**Vegskildring:** Ta av frå riksveg 13 mot Espeland (Ulvikhøgda), og mot høgre til Velken og Vindal. Fortsett oppover og ta av mot høgre over ferista og køyr til parkeringsplassen på Strindeskleiv ca 8-9 km. Området tilhøyrer Haugse. Vegen går frå Strindeskleiv etter Almenningsvegen. Det er noko stigning opp Almenningsbrekkene frå Strindeskleiv, elles lett veg innover til Vatnasetvatnet. Du går om Litlastøl og vidare ned mot elva og langs Vatnasetvatnet til stølen i inste enden av vatnet. Rett heimom vatnet passerar ein Prestjuklane . Frå stølen Vatnasete går stien vidare rett fram i Bekkjadalen som er ein liten bakke opp til stien flatar ut igjen.

Ved toppen av stien der rodemerket og grensa mellom Granvin og Ulvik går har vi sett opp ei turkasse. Sjølve Angerskleiv er noko lenger framme, og det er fin sti å gå her og mange flotte skilt å fylgje med på. Vi nemner Skrålebekken bl. Anna. Det står endåtil eit busstoppeskilt her oppe 😊

Det er ein fin tur å gå heilt ned til Ulvik.  
Denne turen kan og syklast.

**Turtips 1:** Gå vidare Almenningsvegen til Ulvik og du kjem ned via stølen Furusete.

**Turtips 2:** Gå over til Tveito

God tur!